



Øystre Slidre kommune

– *rein naturglede!*



**Kommuneplanen sin samfunnsdel
2020 - 2032**

Forord

Kommuneplanen er ein overordna plan for korleis Øystre Slidre kommune skal utvikle seg dei neste 12 åra. Planen gjeld heile kommunen, både innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar, næringslivet og kommunen som organisasjon. Kommuneplanen viser visjonen til kommunen og kjerneverdiane våre. Planen viser korleis me vil ha det på viktige samfunnsområder og at me må samarbeide for å få den utviklinga me ynskjer. Det skal vere godt å bu og besøkje Øystre Slidre og gjennom gode opplevingar og minner og samarbeid håper me at fleire vel å ta del i det.


Vi håper at mange vil gjere seg kjent med kommuneplanen og gje sitt bidrag til å nå måla for kommunen.

Helsing

Odd Erik Holden
Ordførar

Helsing

Jostein Aanestad
Rådmann



Figur 1. Foto: Holden, O. E.

Innhold

Visjon, verdier og satsingsområde	1
Satsingsområder i kommunen.....	2
Gode lokalsamfunn	3
Deltidsinnbyggaren som ressurs	5
Klima og miljø	6
Næringsutvikling og innovasjon	8
Arealstrategi for Øystre Slidre	9



Figur 2. Aaenestad, J.

Visjon, verdier og satsingsområde

Visjonen til Øystre Slidre er rein naturglede. Me vil arbeide for at flest mogleg skal få oppleve gleda ved å vera i storslåtte landskap utan skjemmande inngrep og ureining. Kommunen, som nasjonalparkkommune i Langsua, forgard til Jotunheimen og med sine velhaldne stølslandskap, byr på innhaldsrike og mangfaldige naturopplevingar gjennom alle fire årstider. Me vil at flest mogleg, og alle grupper, kan oppleve rein naturglede også i framtida; innbyggjar og deltidsinnbyggjar, unge og eldre, Øystre-slidringar og innflyttarar, nordmenn og flykningar, funksjonsfriske og personar med nedsett funksjonsevne. Me ynskjer rein naturglede for alle. Rein naturglede er også ein føresetnad for dei viktigaste næringane i kommunen: reiseliv og landbruk.

Kommunestyret ynskjer at følgjande verdier skal vera grunnlaget for kommunen som verksemd, der me skal:

- Oppnå gode resultat gjennom samarbeid.
- Vera opne og lyttande.
- Vera inkluderande og ynske alle velkomne til kommunen.
- Heie på kvarandre og la alle få rom til å blomstre.
- Behandle alle likeverdige, men og våge å ta upopulære val.

I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn:

1. Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
2. Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
3. Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Øystre Slidre er einaste valdreskommunen med vekst i folketal, med 3232 personar 01.01.20 (mot 3120 i 1990). Nye prognosar syner at folketalet i Øystre Slidre vil gå nedover mot 2050. Samanlikna med resten av fylket (Oppland, 2019) har Øystre Slidre fleire fødte og færre døde per tusen innbyggjar. Me har også ein større del einslege over 80 år, og lik mange andre distriktskommunar har me ei eldre befolkning og færre innbyggjarar i dei yngste aldersgruppene. Distriktskommunar legg seg på ei høg framskriving, fordi det står fram som positivt og framtidsretta, sjølv om det er meir sannsynleg at folketalet vil ha stillstand eller gå tilbake. Ei realistisk haldning til denne utviklinga vil gje ein betre plan.

Det er mange faktorar som kan påverke innbyggartalet i ein kommune. Fødselstal og dødsfall kan berre påverkast indirekte i ein viss grad. Det kommunen kan gjer er å skapa kvaliteter som aukar innflyttinga og redusere utflytting. Kommunen kan skapa næringsattraktivitet som fører til vekst i tal arbeidsplassar. Øystre Slidre scora i perioden 2009 – 2018, noko negativt på næringsattraktivitet og noko i pluss på bustadsattraktivitet.

Gjennomsnittleg levealder i Noreg stig, og særleg i distriktskommunane er det høg del eldre i befolkninga. Høg levealder kan tyde på at innbyggjarane er ved god helse og at me har gode velferdsordningar. Utviklinga gir oss mange ekstra ressursar, men me må bli betre på å ta dei i «bruk». Fleire eldre innbyggjarar (80 år+) kan gi oss utfordringar i helsesektoren, men det er eit mål at flest skal bu lengre heime og klare seg lengst mogleg sjølv.

Øystre Slidre kommune skal bidra til utvikling og vekst i heile Valdres. Me skal vera positive til samarbeid på tvers av kommunane innan tenestekområda, også innan idrett, natur og kultur. Me skal vera ein aktiv bidragsytar i

regionalt nærings samarbeid og støtte opp om Fagernes som regionsenter.

Strategiar for folketalsutvikling:

- Me skal ligge i forkant med arealplanlegginga og ha tilgjengelege bustadtomter og næringsareal.
- Me skal leggje til rette for aldersvennleg områdeutvikling.
- Me skal vera positive og støtte opp under tiltak som bidreg til vekst i regionen.
- Me skal alle framsnakke det me har i kommunen og formidle på ein positiv måte korleis det er å bu og leve i Øystre Slidre.
- Me skal vera aktive i forhold til endringar, ta grep om utviklinga i kommunen og ha tru på framtida.

Satsingsområder i kommunen

Øystre Slidre vil i denne planperioden, med bakgrunn i visjonen rein naturglede, særleg prioritere følgjande tema:

Gode lokalsamfunn

Øystre Slidre skal vere ein god og trygg stad å leve, besøke og arbeide i. Me skal leggje til rette for at barn og unge skal trivast, utvikle seg og oppleve meistring. Me skal ha eit inkluderande samfunn som har bu-, arbeids-, og aktivitetstilbod for alle som har sitt opphald her. Dette skal vere uavhengig av alder, funksjon og etnisitet. Me skal ha eit godt tenestetilbod, og støtte opp om friviljug innsats og engasjement i lokalsamfunnet.

Næringsutvikling og innovasjon

Me skal sikre etablerte arbeidsplassar og leggje til rette for nye. Me skal møte næringsdrivande og gründerar med ei positiv innstilling og

arbeide effektivt og innan dei fristar som er sett. Me skal ha tilgjengeleg næringsareal og leggje til rette for leilegheiter og bustad.

Klima og miljø

Me skal sikre kvalitetane i naturen for oppleving, næring og utvikling, og tenkje klima og miljø i alt me gjer. Me skal styrke nasjonalparkkommunesatsinga, noko som er positivt både for næringslivet, innbyggjarane og deltidsinnbyggjaren. Utbyggingsgrensene i fjellet og i stølsområda skal stå fast. Gjennom god og styrt tilrettelegging skal me skjerme sårbare områder og redusere eit eventuelt konfliktnivå. Me skal vere i forkant av den grønne omstillinga og klimamåla for 2050, og legge særleg vekt på arbeidet gjennom satsinga Klima+.

Deltidsinnbyggjaren som ressurs

Me skal integrere deltidsinnbyggjaren i lokalsamfunnet og invitere dei til å bli heiltidsinnbyggjarar. Me skal styrke relasjonen mellom innbyggjarane og deltidsinnbyggjarane. Me skal dra nytte av deltidsinnbyggjaren med sin kunnskap og engasjement som ein friviljug ressurs for kommunen.

Gode lokalsamfunn

Me ynskjer å ha gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som bidreg til at både barn, ungdom, vaksne og eldre trivs i kommunen. Barnehage, skule, frivilligsentralen og kultur- og fritidstilbod er sentrale område kor det er viktig at innbyggjarane får utvikla sine evner og får høve til å utfolde seg. Det skal vere trygt, men likevel by på utfordringar som gjev utvikling og stimulering.

Det er ei spesiell oppgåve å ta vare på våre nye innbyggjarar og dei som fell utanfor organiserte tilbod. Me må vere flinke til å sjå kvarandre og framsnakke kvarandre og dei miljø me har i kommunen.

Ved å delta i meningsfylte kultur- og fritidsaktivitetar blir livskvaliteten positivt påverka for kvart enkelt menneske. Gjennom aktivitetar, idrett, song, musikk, dans, teater og friviljug arbeid kan evner utviklast og me kan oppleve meistring, noko som er svært verdifullt. Friviljuge organisasjonar, lag og foreiningar er viktige drivkrefter bak mange oppgåver utanfor det offentlege sine primæroppgåver.

Ungdata-undersøkinga frå 2020, syner at det er mange positive resultat, men me ser ei endring frå tidlegare undersøkingar (2013 & 2016) som gjer grunnlag for ettertanke. Me kan ut frå resultata lese om færre elevar som er nøgde med skulen dei går på, lokalmiljøet dei bur i og at elevane brukar mindre tid på skulearbeid utanom ordinær skuletid. Resultata syner òg ei framtidstru mellom ungdommane som me gjerne hadde sett hadde vore høgare.

Fysisk aktivitet er viktig for alle menneske og er ei god helseforsikring. Ved å bruke kroppen kan me førebygge både fysiske og psykiske skader. Å kunne ta val, som betrar den generelle folkehelsa, bør opplevast som ein reell moglegheit. Alle må bidra i arbeidet mot ei god

folkehelse, ikkje berre helsetenesta. Her er også frivilligheit og kultur to viktige element.

I Øystre Slidre har me ein god kulturskule, eit folkebibliotek, ein aktiv friviljugsentral og utstyrssentral. Det er fleire store idretts- og kulturarrangement gjennom året, der det blir lagt ned mange dugnadstimar. Det er eit godt jakt- og fisketilbod i kommunen, der mange innbyggjarar er aktive. Kommunen er rik på kulturminne og kulturmiljø – der har me eit ansvar for framtida, men det er og ein ressurs for rekreasjon og næringsutvikling.

Samarbeid på tvers av kommunegrensene, både for kommunar, lag og organisasjonar vil ytterlegare styrke kvaliteten og mangfaldet i kultur- og aktivitetstilbodet til alle grupper.

Mål:

Øystre Slidre skal vera ein attraktiv kommune som legg vekt på livskvalitet, inkludering, samhandling og trivsel i utvikling av eit trygt og berekraftig lokalsamfunn. Barn og ungdom skal ha stimulerande og trygge oppvekstvilkår og gode utviklingsmoglegheiter som grunnlag for ei god helse.

Strategiar:

- Me skal prioritere barne- og ungdomsarbeid og friviljuge lag og organisasjonar.
- Me skal aktivt støtte og bruke grendelag, velforeiningar og andre organisasjonar i bygdene som bidreg til fellesskap, trivsel og bygdeutvikling i sine bygder.
- Me skal ha barnehagar som tek vare på barna sine behov for omsorg og leik og som leggje vekt på læring, venskap og språk.

- Me skal ha skular som arbeider for at barn og unge blir best mogleg førebudd til å meistre sin eigne liv og vere godt førebudd på arbeids- og samfunnsliv.
- Me skal ha eit helse- og omsorgstilbod tilpassa innbyggjarane sine behov med vekt på førebyggjande tiltak og meistring av eige liv.
- Me skal involvere barn og unge i kommunale planprosessar og oppmode styre, lag og velforeiningar til å ha ein ungdomsrepresentant.
- Me skal leggje vekt på haldningsskapande arbeid slik at barn og unge skal trivast og ha respekt for seg sjølv, andre og omgivnadane.
- Me skal oppretthalde og styrke friviljug innsats ved å halde oversikt over og nyttiggjera oss av friviljuge ressursar i kommunen.
- Me skal gjennom politisk og administrativt arbeid stimulere til samarbeidsløysingar mellom lag og organisasjonar på tvers av kommunane.
- Me skal leggje til rette for fysisk aktivitet ved å ha gode idretts- og nærmiljøanlegg, stigar og løyper, som fremjar aktivitet hjå alle.
- Me skal vidareutvikle Furustrand som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde.
- Me skal fremje bruken av kulturminne som kjelde til kunnskap og oppleving, og som grunnlag for verdiskaping.
- Me skal bidra til at kvardagen blir enklare for barnefamiljar.



Figur 3. Foto: Skattebu, Ø

FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030.



Deltidsinnbyggaren som ressurs

Med flott natur, lang skisesong og nærleik til mange fine turmål er Øystre Slidre, med Beitostølen i spissen, eit godt besøkt område og ein populær hyttekommune. Oppleving av rein naturglede er like viktig for deltidsinnbyggaren som det er for innbyggjarane. Me må leggje til rette for at deltidsinnbyggaren kan ta gode og riktige val i høve klima og miljø.

I helgene kan Øystre Slidre ha rundt 8000-12000 deltidsinnbyggjarar, fordelt på 3532 hytter, 1070 leilegheiter og 550 stølshus (her blir over 60 % brukt som hytte) (november, 2020). Hyttene blir besøkt ulikt og ujamt og dette kan gi utfordringar i helse- og omsorgstenester og akutttilbod. Det gjev også eit større behov for tilrettelegging i lokalsamfunnet for ulike tilbod og aktivitetar.

Deltidsinnbyggjarane, med sine ressursar og kunnskap, har stor verdi for utviklinga av kommunen. Deltidsinnbyggaren har hjarte for staden, eit engasjement og eit ynskje om å kunne medverke til kva og korleis kommunen prioriterer i planar og budsjett. At deltidsinnbyggjarane har kjennskap til utfordringar og planar i kommunen vil gjera at det er lettare å sjå felles løysingar på kommunen sine utfordringar.

Deltidsinnbyggjarane fører til stor etterspørsel etter varer og tenester. Innbyggjarane i kommunen og regionen får eit vesentleg betre handelstilbod enn me elles ville hatt.

For å møte dei nasjonale føringane rundt arealbruk vil kommunen leggje vekt på å fortette dei eksisterande hytteområda og slik redusere trongen for nye utbyggingsareal.

Mål:

Øystre Slidre kommune skal vera ein attraktiv hyttekommune, der deltidsinnbyggaren trivs og får ei kjensel av å høyre til, slik at dei nyttar hytta mest mogleg eller vel å flytte til kommunen.

Strategiar:

- Me skal ha tett dialog med hyttelaga (og årlege møter) og invitere deltidsinnbyggaren til å engasjere seg i dagleglivet og i utviklinga av lokalsamfunnet.
- Me skal i lag med næringslivet sikre eit betre grunnlag for å sjå effekt av deltidsinnbyggaren, og utvikle måleparametrar.
- Me skal sikre god tilgang til rekreasjonsområder i nærleiken av alle hytteområda, for i større grad unngå å nytte bil.
- Me skal arbeide for føreseielege VA-løysingar med ein realistisk utbyggingsplan.
- Me skal vektlegge potensielle konflikhtar rundt ulik bruk av utmark sterkare i kommunal planlegging.
- Me skal arbeide for gode breibandløysingar og legge til rette for felles kontorløysingar.
- Me skal sjå på moglegheitene for utvikling av private helsetenester.
- Me skal gjere det attraktivt for barnefamiliar å vere deltidsinnbyggjarar i Øystre Slidre.

Klima og miljø

Været vil bli våtare og varmare, og Øystre Slidre-samfunnet må tilpasse seg endringane, men også gjere vårt for å dempe endringane. Me må vere med å leggje til rette for at innbyggjarane, deltidsinnbyggjarane og verksemdene har ein reell moglegheit til å ta klimavennlege val i kvardagen. Eit grønt skifte inneberer ein klima- og miljøvennleg omstilling i alle deler av samfunnet.

Me har gjennom støtte frå Miljødirektoratet starta eit prosjekt som heiter Klima+. Her ska me leggje til rette for meir klimavennlege hyttebygging og arbeide med reguleringsplanar som tek større omsyn til grøn omstilling.

Utbyggingsgrense i fjellet, i lag med verneområda i kommunen, er ein strategi for å ta vare på urørte område. I tida framover vil det truleg kome fleire og strengare restriksjonar for å utarbeide nye reguleringsplanar. Her skal Øystre Slidre vere i forkant, møte klimamåla i 2050 og satse på meir grøn og berekraftig næringsliv og hyttebygging. Fortetting av eksisterande hyttefelt er viktig for å ta vare på urørte område og naturmangfald.

Vassdraga i Øystre Slidre har generelt ein god miljøstatus, men ein del sidebekkar o.l., må følgjast opp, grunna høgt innhald av m.a. fosfor. Mange plassar er attgroing ei utfordring, både for bruk, utsyn og det biologiske mangfaldet. Landbruket sin bruk av utmarksareala har stor verknad for skjøtsel av kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet. For å ta vare på kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet er det viktig med rett bruk. Det finst mange støtteordningar, som kan nyttast til ei meir klima- og miljøvennleg samfunnsutvikling. Det er viktig at kommunen nyttar seg av og informere om desse.

Mål:

Forvaltning av natur, miljø, vatn, kulturlandskap og kulturminne skal vere berekraftig slik at naturkvalitetane vert teke vare på for framtidige generasjonar og at det vert attraktivt å bu og opphalde seg i kommunen.

Strategiar:

- Me bør unngå omdisponering av dyrka og dyrkbar mark, myr og skog med god bonitet.
- Me skal ha fokus på fortetting av hytte- og bustadområde og slik i større grad unngå urørte områder. Ved utarbeiding av område- og detaljplanar skal det vere strengare krav i reguleringsføresegna i høve til miljø og klima.
- Me skal bidra til å etablere fritidseiningar som i utbygging og drift har positiv klimaverknad, m.a. gjennom kommunen si satsing på Klima+.
- Nye reguleringsplanar skal i større grad ha føresegner som bidreg til Noreg blir eit lågutsleppsamfunn og omstiller næringane.
- Me skal arbeide for reduksjon av klimagassutslepp og lokale miljøureiningar gjennom påverknad og tilrettelegging for val av utbyggingsløyningar og bruk av energikjelder.
- Me skal arbeide med tilrettelegging for miljøvennleg transport, både med el-bil, off. transport og tungtransport.
- Me skal styrke satsinga på eit miljø- og klimavennleg landbruk og skjøtsel av kulturlandskapet i tråd med nasjonale føringar, gjennom m.a. SMIL-tilskot.
- Me skal styrke bruk av lokale råvarer og omsetting for å m.a. redusere transportbehovet.

- Me skal behalde ei tydeleg utbyggingsgrense i kommuneplanen sin arealdel.
- Me skal ta vare på det biologiske mangfaldet, den gode vass-statusen og kulturlandskapet gjennom tilpassa og rett bruk.
- Me skal styrke vår rolle som nasjonalparkkommune.



Figur 4. Foto: Helgesen, M.

Næringsutvikling og innovasjon

Å sikre og utvikle dei etablerte verksemdene i kommunen og leggje til rette for nye verksemdar, er den viktigaste faktoren for å halde opp og styre busetnaden i kommunen. Me ynskjer å gi meir føreseielege rammer for dei som driv og dei som ynskjer å drive med næring i kommunen. Vidare ynskjer me at næringsstrategien skal bidra til å halde på arbeidsplassar og skape nye! Me må sikre at planverket er oppdatert og at det gir ein tydleg retning. Næringsdrivande og dei som ynskjer å etablere seg i kommunen må oppleve ei open dør, og me må ha eit planverk som gjer oss i stand til å gripe dei moglegheitene for nye arbeidsplassar som måtte kome. Ein næringsstrategi skal styrke kommunen si rolle med å leggje til rette for næringslivet.

Landbruk, bygg og anlegg og reiseliv (overnatting og oppleving) er viktige og store næringar i kommunen. Alle går litt inn i kvarandre og alle er avhengig av kvarandre, men har eit noko ulikt behov og utfordringsbilete.

Mål:

Me skal vera ein næringsvenleg kommune med vekst i tal arbeidsplassar og me skal utnytte fortrinna våre innan reiseliv og landbruk.

Strategi:

- Me skal gjennom god og føreseieleg planlegging redusere arealbrukskonflikt og skape plass til alle type aktivitetar.
- Kommunen skal ha tilstrekkeleg med regulert næringsareal for sal.
- Me skal ta vare på eldsjeler og gründerar, og vera inkluderande og inviterande.
- Me skal bidra til etablering av møteplassar som fremmer samarbeid og utvikling mellom verksemdene og mellom kommunen og næringar.

- Me skal ha ein godt utbygd infrastruktur med veg, VA og breiband.
- Me skal leggje til rette for auka aktivitet og næringsutvikling gjennom visjonen Rein naturglede.
- Utbygging av hytte og reiseliv skal ta omsyn til naturkvalitetane i Øystre Slidre kommune.
- Me skal sikre stabile ordningar for finansiering av fellesgode (stigar, løyper, toalettilbod m.m.).
- Me skal vera det fremste helseskapande reisemålet i landet for alle.
- Me skal planlegge eit variert bustadtilbod tilpassa behovet.
- Me skal arbeide for eit levedyktig landbruk ved å leggje til rette for ein rasjonell og variert bruksstruktur og gjere det attraktivt for nye og unge brukarar å satse på landbruket.
- Me skal motivere bøndene til å investere i driftsbygningar.
- Gjennomføre tiltak som styrkjer og motiverer den aktive stølsdrifta og bruken av utmarksbeita.
- Me skal utvikle Løken gard til eit ressurscenter for fjellandbruket.
- Me skal bidra til å etablere og trygge gode lærling-, mentor- og traineeordningar og stimulere til kompetanseutvikling.
- Me skal styrke Beitostølen som heilårsdestinasjon.
- Me skal bidra til å gjere bygg- og anleggsverksemdene meir robuste, og bli posisjonerte til å ta på seg større oppdrag.
- Me skal arbeide aktivt for å fremje nye verksemdar innan sirkulær økonomi både lokalt og innan Valdresregionen.

Arealstrategi for Øystre Slidre

Arealstrategien skal vere bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Arealstrategien skal vise hovudprinsipp for kommunen sin langsiktige arealbruk og gje føringar for arealdelen av kommuneplanen. Arealdelen er juridisk bindande gjennom plankart og føresegnar.

Kommuneplanen sin arealdel er frå 2017 og me har to kommunedelplanar, ein frå 2011 og ein frå 2013. I planstrategiperioden skal alle desse planane reviderast. Me skal revidere eksisterande arealdel og utarbeide ein arealdel som dekker heile kommunen. Ein tydleg arealstrategi vil gi arbeidet med ny arealdel klare føringar og rammer.

Me ynskjer å tilby plass og trivsel til innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og næringsliv. Samtidig skal me ha ein arealpolitikk som tek vare på biologisk mangfald og dyrka mark. Me skal ha ein arealbruk som fremmer lønsam og berekraftig utvikling av næringslivet, fortetting, tettstadstadutvikling og gjer det lettare å leve miljøvennleg.

Strategi:

- Me skal utvikle Heggenes som eit tydlegare kommunesenter, ved m.a. å leggje til rette for nye tilbod og fylle tomme og ledige bygg med aktivitet.
- Me skal vidareutvikle Beitostølen med sine urbane kvalitetar og senter for deltidsinnbyggjarar, tilreisande og fastbuande.
- Me skal til ein kvar tid ha ferdigregulerte bustad- og næringsområder, slik at det er enkelt for nye innbyggjarar og næringsdrivande å etablere seg.
- Me skal sikre nær-rekreasjonsområde til bustadfelte.

- Me skal revidere føresegnene i arealdelen med omsyn til ei grønn omstilling av utbyggingsprosjekt.
- Me skal i føresegnene til arealdelen leggje til rette for heilårsbusetting i eigna område med fritidsbustad.
- Me skal sikre biologisk mangfald og ta vare på naturen som grunnlag for oppleving og aktivitet.
- Me skal utarbeide ein kulturminneplan, stig- og løypeplan og beitebruksplan som eit underlag for revidering av arealdelen.
- Me skal styre tilrettelegging i utmarka gjennom omsynssoner, som eit tiltak for å redusere sambrukskonfliktar mellom reiselivet og landbruket.
- Me skal sikre Bygdivegen som ei effektiv og trygg hovudfartsåre for gåande, syklande og køyrande.
- Me skal behalde ei tydeleg utbyggingsgrense (tidlegare kalla fjellgrense), der me ikkje skal leggje ut nye utbyggingsområde utanfor denne grensa.
- Me skal utarbeide ein fortettingsstrategi for hytteområda.
- Me skal vidareføre infrastrukturkrav i eksisterande arealdel.



Figur 5. Foto: Aanestad, J.